

# Finansrapport 2015

## Meland kommune

Dato: 22. febr 2016

### 1 INNLEIING

Ifølgje det vedtekne finansreglementet (vedteke 6. mai 2015, sak 38/2015) skal rådmannen etter årets utgang leggje fram ein rapport for kommunestyret som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året for finansområdet.

I kapittel 1 blir det gitt eit oversyn over midlar og gjeld, i kapittel 2 blir forvaltninga av ledig likviditet kommentert, og forvaltninga av utlån, aksjar og andelar blir kommenterte i kapittel 3. Forvaltning av kommunens gjeldsportefølje og øvrige finansieringsavtalar blir kommentert i kapittel 4.

#### 1.1 Finansielle plasseringar og gjeld

I finansrapporten er det teke utgangspunkt i kommunen sin balanse (stilling) ved årsskiftet.

##### 1.1.1 Meland kommune plasserer ledig likviditet

Tabellen gir oversyn over innskot og plasseringar:

	1000 kr			
Bankinnskot og plasseringar	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015
Pengemarknadsfond	11 557	11 858	12 305	0
Kasse, bankinnskot	41 274	40 696	77 930	125 727
<b>Sum</b>	<b>52 831</b>	<b>52 554</b>	<b>90 235</b>	<b>125 727</b>

##### 1.1.2 Meland kommune låner ut midlar, og har aksjar og andelar i ulike selskap.

Tabellen gir oversyn over utlån, aksjar og andelar:

	1000 kr			
Utlån, aksjar og andelar	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015
Utlån	40 334	42 755	38 827	35 359
Aksjar og andelar	98 041	98 719	99 593	99 593
<b>Sum</b>	<b>138 375</b>	<b>141 474</b>	<b>138 420</b>	<b>134 952</b>

Sjå pkt. 3.2.1. for utfyllande detaljar.

### 1.1.3 Meland kommune tek opp lån til egne investeringar og til vidare utlån (formidlingslån)

Tabellen gjev oversyn over lån som kommunen har teke opp, korrigert for utlån til andre. Netto lånegjeld pr. innbyggjar er utrekna i kroner.

Lånegjeld	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015
Langsiktig gjeld	397 209	410 605	411 782	443 515
Utlån formidlingslån	-40 334	-42 755	-38 827	-35 359
<b>Sum netto lånegjeld</b>	<b>356 875</b>	<b>367 850</b>	<b>372 955</b>	<b>408 156</b>
<b>Netto lånegjeld pr. innbyggjar</b>	<b>48 574</b>	<b>48 761</b>	<b>48 210</b>	<b>52 247</b>

Oversyn over tal innbyggjarar som ligg til grunn for utrekninga av netto lånegjeld pr. innbyggjar:

Folketal	2012	2013	2014	2015
Innbyggjarar pr. 31.12.	7 347	7 544	7 736	7 812

## 2 FORVALTNING AV LEDIG LIKVIDITET OG ANDRE MIDLAR BEREKNA FOR DRIFTSFORMÅL

### 2.1 Fordeling på dei ulike plasseringsalternativ/typar aktiva i kroner (marknadsverdiar) og i prosent av dei samla midlane til driftsformål

#### 2.1.1 Bankinnskot

Tabellen viser korleis ledig likviditet og andre midlar har vore plassert i bank.

DNB er kommunen sin hovudbank.

Rentevilkåra på innskot etter denne avtalen er lik NIBOR 1 mnd. frå Noregs Bank + 0,85%. Pr. februar 2016 blir det 0,95% + 0,85% = 1,80%. Bankavtalen betyr ikkje at kommunen er forplikta til å plassere ledige midlar hos DNB. Renta per 31.12.2015 var 1,89 %.

Kassebeholdninga og bankinnskota har utvikla seg slik som vist i tabellen:

Kasse, bankinnskot	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015
Kasse	7	9	20	12
Sparebanken Vest	83	89	30	38
Den norske Bank	41 184	40 598	77 880	125 677
<b>Sum</b>	<b>41 274</b>	<b>40 696</b>	<b>77 930</b>	<b>125 727</b>

1000 kr

Renteinntektene av midlar plasserte i bankane dei siste fire åra:

	1000 kr			
<b>Renteinntekter av bankinnskot</b>	<b>Rekneskap 2012</b>	<b>Rekneskap 2013</b>	<b>Rekneskap 2014</b>	<b>Rekneskap 2015</b>
Renteinntekter	1 802	1 360	1 409	1 823

## 2.1.2 Andre plasseringar (forvaltar)

	1000 kr			
<b>Avkastning frå korstsiktige plasseringar i fond</b>	<b>Rekneskap 2012</b>	<b>Rekneskap 2013</b>	<b>Rekneskap 2014</b>	<b>Rekneskap 2015</b>
Avkastning frå plasseringar	604	302	446	117
Kalkulert gjennomsittsrente	5,16 %	2,50 %	3,63 %	0,95 %

Meland kommune har dei siste åra plassert noko av sine likvide midlar i pengemarknadsfond. Desse har vore:

### 1. SKAGEN Høyrente

Fondet sitt mål er å gje andelseigarane betre avkastning enn høgrentetilboda i bankmarknaden gjennom å investere i ein aktivt forvalta og diversifisert portefølje av norske obligasjonar og bankinnskot med lav risiko.

### 2. SKAGEN Avkastning

er eit norsk-globalt obligasjonsfond med mål om å gje andelseigarane best mogeleg risikojustert avkastning over tid. Fondet investerer i ein aktivt forvalta og diversifisert portefølje av norske obligasjonar og sertifikat. I tillegg investerer fondet i obligasjonar og sertifikat utstedt eller garantert av regjeringar over heile verda.

Avkastninga har dei siste åra vore litt høgare enn innskotsrenta i bank, medan ein ligg lågare enn bankrenta for 2015.

I desember 2015 selde kommunen seg ut av pengemarknadsfonda, og Meland kommune har per 31.12.2015 ikkje andre plasseringar av ledig likviditet enn i bankinnskot.

## 2.2 Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsrenter

### 2.2.1 Bankinnskot

Samla er det i 2015 bokført 1,8 mill. kr i renter frå bankinnskot.

Rentevilkåra på innskota som vi har etter hovudbankavtalen, er etter rådmannens vurdering dei beste vilkåra som det i dag er mogeleg å oppnå ved bankinnskot. Eksisterande bankavtale er frå oktober 2010, og var ein 3-årig avtale med varighet til oktober 2013. Avtalen er seinare ihht. vilkåra rullert årleg, siste gong i oktober 2015.

Kommunen vil vurdere nytt anbod på hovudbankavtale i løpet av 2016.

## 2.2.2 Samansetting, rentevilkår/avkastning, vesentlige marknadsendringar og endring i risikoeksponering.

Meland kommune har lågast mogeleg risiko etter at kommunen trakk seg heilt ut av plassering i pengemarknadsfond. Alle midlane er per tidspunkt plasserte i bank.

## 2.2.3 Omtale og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet.

Meland kommune har per 31.12.2015 ikkje planar om anna forvaltning enn i bank av ledige driftsmidlar opp mot rammene i finansreglementet.

# 3 FORVALTNING AV KOMMUNENS LANGSIKTIGE FINANSIELLE AKTIVA

## 3.1 Fordeling på dei ulike aktivaklassane i kroner (marknadsverdiar) og i prosent av dei samla langsiktige midlane

Aksjar, andelar, obligasjonar og utlån med løpetid utover eit år kan klassifiserast som finansielle anleggsmidlar. Formålet og intensjon med desse vil i stor grad være retningsgjevande sett i høve til klassifiseringa som anleggsmiddel. Døme på finansielle anleggsmidlar er utlån til privatpersonar og bedrifter (etableringslån, utlån til bedrifter - både kommunale og andre), eigenkapitalinnskot i pensjonskassar, kjøp av aksjar og andelar i bedrifter som kommunen har ei spesiell interesse av å engasjera seg i eller som er næringspolitisk eller samfunnsmessig motivert (til dømes attføringsbedrifter, kommunale næringselskap, energiverk o.a.).

Finansielt motiverte investeringar i verdipapir (aksjar, obligasjonar, fond m. v.) vil alltid vera om-løpsmidlar (driftslikviditet) uavhengig av kva tidshorisont kommunen har for denne plasseringa, jf kapittel 2.

## 3.2 Fordeling på dei ulike anleggsmidlane

### 3.2.1 Aksjar og andelar

Tabellen gir oversyn over den delen av anleggsmidlane som gjeld kommunen sine aksjar og andelar:

Tal i heile kr					
Aksjar og andelar	2012	2013	2014	2015	Eigarandel
Kapitalinnskot KLP	6 030 068	6 708 434	7 462 802	7 462 802	
Aksjar i Meland Utb. Selskap	200 000	200 000	200 000	200 000	100,00 %
Aksjar i Meland Arb.- og Komp. Sen	54 000	54 000	54 000	54 000	54,00 %
Andel i Nordgarden bustadstifting	20 000	20 000	20 000	20 000	
Andel i Nordhordland bioenergi	5 000	5 000	5 000	5 000	0,48 %
Aksjar i Biblioteksentralen	600	600	600	600	0,05 %
Aksjar i BKK	91 627 688	91 627 688	91 627 688	91 627 688	0,76 %
Aksjar i Sambandet Vest as	50 750	50 750	170 750	170 750	5,00 %
Aksjar i Nordh. Industriservice AS	52 500	52 500	52 500	52 500	9,29 %
<b>Sum aksjar og andelar</b>	<b>98 040 606</b>	<b>98 718 972</b>	<b>99 593 340</b>	<b>99 593 340</b>	

Eigenkapitalinnskotet i KLP er knytt til pensjonsordninga.

Oversyn over utbetalt utbytte dei siste fire åra, som er ført i drifta:

1000 kr

Utbytte frå selskap	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015
BKK	6 086	6 086	6 086	3 046
Meland Utbyggingsselskap AS			7 000	
Sum utbytte	6 086	6 086	13 086	3 046

### 3.2.2 Utlån

Utviklinga dei siste åra for desse aktiva:

1000 kr

Utlån formidlings-/startlån	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015
Utlån	40 065	42 424	38 429	34 981

Dette er midlar som kommunen låner i Husbanken, og låner ut vidare til kjøp/bygging av bustad eller refinansiering av bustad. Låna vert sikra med pant i fast eigedom.

Utlåna vart redusert med kr 3,4 mill. i 2015. Dette skuldast at innbetaling / refinansiering av gamle lån har vore større enn nye utlån i løpet av året.

### 3.3 Avkastning samanlikna med referanseindeks pr. aktivaklasse og samla

Kommunen har i 2015 motteke utbytte frå BKK AS. Avkastninga i prosent på aksjeposten i BKK vil vera avhengig av om ein legg til grunn bokført verdi eller ein verdijustert eigenkapital. Det eksisterer ikkje slik administrasjonen oppfattar det, ein objektiv verdijustert eigenkapital for BKK.

Når det gjeld utlåna, så betalar kundane renter i samsvar med gjeldande regelverk fastsett av Husbanken. Kommunen tek ein margin på + 0,25%.

### 3.4 Faktisk aktivafordelinga, endringar i risikoeksponering, vesentlege marknadsendringar, og avkastninga i forhold til marknaden og målt mot kommunestyrets budsjetterte avkastning.

Kjøp og sal av aksjar som langsiktig anleggsmiddel skal gjerast som ei investeringsbeslutning og det er kommunestyret som fattar avgjerda.

Når det gjeld utlån, så vert utlånsportefølgja forvalta av Lindorff. Slik rådmannen vurderer det, er denne under betryggande oppfølging.

Renteinntekter på bankinnskot vart kr 1.822.600,- i 2015, som er kr 592.000,- meir enn budsjettert.

### 3.5 Avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet

Det er ikkje avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet. Kjøp og sal av aksjar som langsiktig anleggsmiddel skal gjerast som ei investeringsbeslutning og det er kommunestyret som fattar avgjerda.

## 4 FORVALTNING AV KOMMUNENS GJELDSPORTEFØLJE OG ØVRIGE FINANSIERINGSAVTALAR

### 4.1 Opptak av nye lån (inkl. avtaler om finansiell leasing) i 2015

Det blei i 2015 teke opp eit nytt eitt-årig sertifikatlån på kr 60.095.000,-. Av dette gjekk kr 41.188.000,- mill til investeringsføremål og kr 18.907.000,- til refinansiering av kommunen sin eksisterande lånegjeld.

Det blei i 2015 i tillegg tatt opp 6.020.000,-mill. kr i Husbanken til vidare utlån (formidlingslån/startlån).

### 4.2 Konvertering av eldre lån så langt i året.

Lån på kr 18.907.000,- i Kommunalbanken vart refinansiert i 2015 ut over avtalte avdragsterminar i 2015 .

### 4.3 Samansetjing og verdi av låneporteføljen fordelt på dei ulike typar av passiva

Kommunen har følgjande fordeling av sin langsiktige låneportefølgje.

Langsiktig gjeld	1000 kr				Prosent
	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2015
Kostsiktige Sertifikatlån			52 200	112 295	25,3 %
Husbanken	75 749	79 148	82 265	85 418	19,3 %
KLP	275 155	287 090	276 117	246 551	55,6 %
Kommunalbanken	44 506	42 867			
BKK	1 800	1 500	1 200	900	0,2 %
For lite betalt avdrag				-1 650	-0,4 %
<b>Sum</b>	<b>397 210</b>	<b>410 605</b>	<b>411 782</b>	<b>443 514</b>	<b>100,0 %</b>

For ytterlegare kommentarar til portefølgjen vert det vist til vedlagte Finansrapport Meland kommune for 2015 utarbeida av BCM på vegne av kommunen.

### 4.4 Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsvilkår

Rådmannen er ikkje kjent med at det har vore mogeleg å oppnå betre vilkår i marknaden enn dei som Meland kommune no har. For låna i Kommunalbanken er den flytande renta per 31.12.2015 på 1,65%.

Fastrenta vi har på låna i Husbanken og i Kommunalbanken er såleis for tida høgare enn den flytande renta.

#### **4.5 Endring i risikoeksponering, gjenverende rentebinding og rentevilkår i forhold til kommunens økonomiske situasjon og situasjonen i lånemarknaden, og førestående finansierings-/refinansieringsbehov.**

Det er ikkje endring i risikoeksponering.

#### **4.6 Skildring og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet**

Finansreglementet vart revidert i 2015.

Det er ikkje avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet per desember 2015. Kommunen har likevel ein noko høg andel kortsiktige lån med forfall i løpet av 2016.

### **5 VURDERING OG KVALITETSSIKRING AV FINANSIELL RISIKO**

#### **5.1 Renterisikoen for plasseringar av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål og gjeldsporteføljen sett i samanheng**

Ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål er no som nemnt ovanfor utelukkande plasserte i norske bankar, og det same er gjelda. Ser ein desse to gruppene i samanheng er derfor renterisikoen låg. Høg andel kortsiktige lån gjer likevel at risikoen i gjeldsporteføljen er noko høgare enn ønskjeleg.

Kommunen vil i 2016 prioritere arbeid med å endre forfallsstrukturen på gjeldsporteføljen.

#### **5.2 Kvalitetssikring**

Kommunen har avtale med Bergen Capital Management om forvaltning av gjeldsporteføljen.

Det er ikkje utarbeidd skriftlege rutinar for finansforvaltninga. Dette vil vere eit prioritert arbeid i 2016.

22. februar 2016

Per Inge Olsen  
Økonomisjef